

Til kolleger i allmennpraksis i Sogn og Fjordane, Fylkeslegen, Hauglandsenteret.

*Med ynskje om ei God Jul og eit Godt Nyttår frå oss i
PKO Helse Førde.*



Viktig endring i Livmorhalsprogrammet for kvinner frå Sogn og Fjordane frå 01 01 19.

- NY og Betre screeningsrutine for livmorhalskreft i Sogn og Fjordane - Viktig informasjon på tampen av året som vi vonar blir delt på dei ulike legekontora i Fylket.



Frå første januar 2019 vil livmorhalsprøvane for kvinner mellom 34 og 69 år, fødde på partalsdato og busette i Sogn og Fjordane, bli HPV (humant papilloma virus)-testa. Livmorhalsprøvar frå kvinner mellom 34 og 69 år, fødde på oddetalsdato, og frå kvinner mellom 25 og 33 år, vurderast framleis i mikroskop. Alle prøvar skal enno takast ved gynekologisk undersøking og må vera væskebasert.

Flytskjema med tilrådd oppfølging av ulike prøvesvar er utarbeidd av Livmorhalsprogrammet og kan lastast ned frå kreftregisteret.no/livmorhals. OBS! HPV-test og celleprøve er screening og ikkje testar for diagnostikk og skal ikkje brukast åleine ved undersøking/kontroll av kvinner med symptom.

Kvinnene vil få påminning om tid for nye prøver på same måten som før og rutine for taking og sending av prøvene er også uendra. Svar frå patologisk avdeling Haukeland kan derimot avvike noko frå før hos dei som kun gjennomgår HPV screening. Det vil komme publikumsinformasjon i lokalpressa frå Kreftregisteret rett over nyttår.

Utfyllande informasjon om nyordninga finst i lenkene rett under denne saka. Ved ynske om meir informasjon kontakt dr.Jostein Tjugum - rådgivar logistikk Livmorhalsprogrammet Helse Førde, jostein.tjugum@enivest.net Mobil 415 69 638 (sms) eller Seksjonsoverlege cytologi Helse Bergen, Hans Kristian Haugland - hans.haugland@helse-bergen.no

[Viktig endring i Livmorhalsprogrammet Sogn og Fjordane.pdf](#)
[Informasjon om prøvetaking og svar ved screening cytologi.pdf](#)
<https://www.kreftregisteret.no/screening/livmorhalsprogrammet/>

Frå PKO kalender 2019.



Årleg fagdag for ressursjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling

Med fokus på «nye» pasientgrupper i palliasjon

Tid: Tysdag 05. februar 2019 kl 09:00-15:30

Stad: Thon Hotel Jølster

Målgruppe: Ressursjukepleiarar med leiarar, legar og fysio-/ergoterapeutar

Pris: Kr 600,- inkludert lunsj

Påmelding: https://www.deltager.no/fagdag_ressursjukepleiarer_klb_05022019

Påmeldingsfrist: 28. januar 2019

[Invitasjon Årleg fagdag Nettverk ressursjukepleie kreft Førde 050219.pdf](#)